

Skriving som grunnleggjande ferdighet

Arne Johannes Aasen, leiar for Nasjonalt senter for skriveopplæring og skrivenforskning

I Kunnskapsløftet er dei grunnleggjande ferdighetene både ein del av den faglege kompetansen og nødvendige reiskap for læring og fagleg forståing. For eit fag som t.d. engelsk inneber det at elevane mellom anna skal lære å uttrykke seg på engelsk gjennom skrift, og dei skal bruke skriving for å utvikle kunnskap om engelsk språk, kultur og historie. Dette inneber at skriving har ulike formål i engelsk og at elevane treng å utvikle eit repertoire med ulike måtar å skrive på. Fleire av desse måtane å skrive på vil vere særeigne for faga engelsk og framandspråk.

Fagspesifikk lesing og skriving, ofte omtala som «disciplinary literacy» er eit sentralt område innan internasjonal skrivenforskning (Applebee & Langer, 2013). Denne forskinga argumenterer for at ein bør lese, skrive og samtale på fagspesifikke måtar fordi at dei enkelte faga har

ulike kunnskapsobjekt og metodar for å utvikle kunnskap. Å undersøke t.d. fenomen i naturen, samanhengar mellom hendingar i fortida, litterære tekstar eller systemet til eit språk, krev ulike vitskaplege metodar, og desse metodane er på ulike vis ein del av skulefaga. Ulike fag har altså både ulikt innhald, men også ulike konvensjonar for korleis forskarar kommuniserer, og slik har sjangrar som litterær analyse, naturfagsrapport osb. oppstått, først i vitskapsfaga og deretter i skulefaga.

Skriving har også fagovergripande og generelle sider ved seg. Gjennom skuleløpet får elevane ei rekke erfaringar med skriving som dei trekk vekslar på i nye fag og nye skriveformål. Derfor er det noko generisk ved skriving som til ei viss grad gjer det mogleg å overføre skrivedugleik til nye situasjonar. Vi kan bruke vurderingsområda til dei lærings-

støttande skriveprøvene som ein optikk for å drøfte kva som er generisk og kva som er fagspesifikt ved skriving. Desse prøvene tilbyr verktøy for å vurdere tekstar på fem område som representerer fem deldimensjonar ved skriveferdigheit: skrivar-lesar-interaksjon, innhald, tekstopbygging, språkbruk og formverk (Skrivesenteret, 2017). Formverk som gjeld rettskriving og teiknsetjing, er meir generisk enn dei andre deldimensjonane – korleis ein stavar eit ord korrekt gjeld uavhengig om faget er norsk eller matematikk, og det same gjeld ein teiknsetjingsregel som at stor bokstav står etter punktum. Medan formverk utgjer kodekompetanse, utgjer dei fire første deldimensjonane funksjonskompetansar som i høg grad er påverka av formålet med skriving, normene som gjeld for fag og kven ein kan tenkje seg er mottakar av teksten. Dersom ein elev skal lukkast i å uttrykkje seg på rele-



vante måtar i eit fag, krev det forståing av konvensjonane i faget slik dei kjem til uttrykk gjennom funksjonskompetansane. Med andre ord treng elevane kunnskap om tekstar og tekstpraksisar i ulike fag for å utvikle kompetanse i fag, altså at dei kan lære å ta kunnskap i eit fag i bruk. Derfor må lærarar i alle fag gi elevane opplæring i skriving i faget.

For å utvikle skrivekompetanse, treng elevane meir enn kunnskap om tekstar og tekstpraksisar i fag. Gjennom ein

enkel modell kan vi seie at skrivekompetanse består av tre dimensjonar: kunnskap om skriving, ferdigheiter til å ta denne kunnskapen i bruk gjennom å skrive og haldningar til skriving.

Kunnskap om skriving inkluderer fleire av dei dimensjonane ved skriving som er nemnt ovanfor: ein må kunne eit eller fleire språk (ordforråd, grammatikk, tekststruktur); ein må ha kunnskap om korleis tekstar blir brukt for ulike formål i ulike sosiale og kulturelle samanhengar

gjennom ulike sjangrar/teksttypar; kjenne til skriftmodalitetar (skriftteikn, ortografi, grafiske verkemiddel/ layout, samspel mellom skrift og andre modalitetar); ein må ha kunnskap om skrivenreiskapar (blyant, penn, tastatur og programvare) og vite når, kvifor og korleis ein bruker dei.

Ferdigheiter i skriving inneber at ein er i stand til å gjennomføre ulike handlingar: analysere og forstå den situasjonen der



ein skal ytre seg i skrift; vurdere korleis ytringa kan tilpassast mottakarane for teksten; generere innhald gjennom å lese, samtale og tenkje; planlegge skriveprosessen; vurdere eigen tekst; revidere eigen tekst; ferdigstille teksten (sjekke rettskriving og tilpasse layout).

Haldningar til skriving som del av skrivekompetanse inneber det å ha tru på eiga evne til å meistre ein skriveprosess; å vere motivert for å skrive; å ha vilje til å lære og ta kunnskap i bruk; å ha vilje til å kommunisere og samhandle med andre.

Skrivekompetanse er samspelet mellom desse dimensjonane: ein treng kunn-
skap, kapasitet til å ta kunnskap i bruk
gjennom handlingar og haldningar som
gjer at ein er motivert for og har vilje til
å gjennomføre handlingar. Skriveopp-
læringa i alle fag må ha som mål å utvikle
alle desse dimensjonane ved skrivekom-
petansen, noko som er særleg krevjande
i fag med få timer i veka som t.d. fram-
andspråk. Derfor føreset god skriveopp-
læring at t.d. skriveoppgåver, instruk-
sjon og respons inngår i samanhengar
med dei andre kompetansemåla i faget.
Skriving skal ikkje vere noko for seg sjølv
som kjem i tillegg til det elevar skal lære
i fag, men er eit verktøy for nettopp å
lære og ta kunnskap i bruk på måtar som
er relevante i faget.

Denne måten å forstå skrivekompetanse
på viser dessutan at skriving består av
både sosiokulturelle og kognitive pro-
sessar. Dei sosiokulturelle prosessane
ved skriving består m.a. av at ein kom-
muniserer og samhandlar med andre
menneske; ein tek i bruk språk og språk-

lege ressursar som er historiske og kul-
turelle. Dei kognitive prosessane ved
skriving består m.a. av dei strategiane
ein tek i bruk for å skrive; korleis ein
tenkjer og forstår innhaldet ein skriv-
om og korleis ein kan formgje det gjen-
nom skrifta. Det må understrekast at
haldningsdimensjonen er viktig for at
elevar vel å bruke skriving som verktøy
for læring og eiga utvikling. Lærarar i
alle fag har såleis ei viktig rolle når det
gjeld å gi støtte til elevar og gi lærings-
fremmende respons slik at dei opplever
meistring og blir motiverte for å skrive
(Kvithyld & Aasen, 2011).

God skriveopplæring i skulen må vere
variert og formålsretta. Formålsretta vil
sei at lærar og elevar har ei felles forstå-
ing for kvifor ein skriv. Det føreset at skriven-
oppdrag og skriveoppgåver har tyde-
lege mål og er relevante for det elevane
skal lære. Dersom dei skal lære overflat-
kunnskap eller nye glosar i eit anna
språk, må ein lære å bruke skriving for
å lære på heilt andre måtar enn dersom
dei skal skrive for å analysere tekstar,
argumentere for noko eller reflektere
over noko. Dei ulike måtane ein kan bruke
skriving for å lære på, må elevane få
opplæring i. Dei må med andre ord få til-
passa støtte i skriveprosessen gjennom
instruksjon og respons som er relevant
for kompetansemål i fag. Derfor må skriven-
oppplæringa og skriveoppdraga følge
forskningsbaserte prinsipp for god skriven-
oppplæring og vere varierte for at elevane
skal få erfaring med at ein brukar
skriving på ulike måtar i ulike kontekstar
(Graham & Perrin, 2007; Smidt, 2010;
Kvithyld & Kringstad, 2013). Det er nett-
opp slike erfaringar som kan gjere det

mogleg for dei å overføre det dei har
lært i ein skrivesituasjon til ein annan,
altså at skriving blir eit verktøy for djup-
læring (Pellegrino & Hilton, 2012).

Referansar

- Applebee, A. & Langer, J. (2013). *Writing Instruction that Works: Proven Methods for Middle and High School Classrooms*. New York: Teachers College, Columbia University.
- Graham, S. & Perin, D. (2007). *Writing Next. Effective Strategies to Improve Writing of Adolescents in Middle and High School*. New York: Carnegie Corporation.
- Kringstad, T. & Kvithyld, T. (2013). Fem prinsipper for god skriveopplæring; skriving på ungdomstrinnet. I: *Bedre skole. Tidsskrift for lærere og skoleledere*, 2013, Nr. 2, s. 71-79.
- Kvithyld, T. & Aasen, A.J. (2011). Fem teser om funksjonell respons på elevtekster. I: J. Smidt, R. Solheim & A.J. Aasen. (Red.). *På sporet av god skriveopplæring*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Pellegrino, J.W. & M.L. Hilton (2012). *Education for Life and Work: Developing Transferable Knowledge and Skills in the 21st Century*. Washington, D.C: National Academies.
- Smidt, J. (red.) (2010): *Skriving i alle fag – innsyn og utspill*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Skrivesenteret (2017). Vurderingskriterier. Lasta ned 21. september 2017: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/vurderingskriterier>.